



Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
072/15	Formannskapet	01.09.2015

Saksbehandlar: Rolf Einar Ree  
Sak - journalpost: 15/1697 - 15/22406

---

## Høyring - Prosjekt sjukehusutbygging - Konseptrapport Helse Stavanger HF

### Rådmannen si innstilling:

1. Hå kommune kan ikkje gje si tilslutning til nokon av dei tre vurderte lokaliseringsalternativa for utbygging av eit nytt sjukehus i regionen.
2. Hå kommune meier at det ved val av tomt for nytt sjukehus må leggjast avgjerande vekt på ei god kollektivtransportløysing. Dette er det bare Jærbanen som i overskueleg framtid kan gje. Ei utbygging av sjukehuset er ei så stor, viktig og langsiktig sak at utgreiingsarbeidet nå bør vidareførast ved at fleire tomtealternativ i bybandet langs Jærbanen bør vurderast nærare før endeleg plassering blir vedtatt.

### 01.09.2015 Formannskapet

Jonas Skrettingland fremja følgande forslag:

*Formannskapet i Hå vurderer ei trinnvis utbygging på Ullandhaug som det beste av dei framlagde alternativa. Formannskapet vurderer likevel ikkje denne plasseringa som optimal med tanke på kollektivtransport på grunn av avstanden frå Jærbanen.*

Ved alternativ røysting mellom Jonas Skrettingland sitt forslag og rådmannen si innstilling, blei rådmannen si innstilling vedtatt med 7 mot 2 røyster (2 KrF).

### FS- 072/15 Vedtak:

1. Hå kommune kan ikkje gje si tilslutning til nokon av dei tre vurderte lokaliseringsalternativa for utbygging av eit nytt sjukehus i regionen.
2. Hå kommune meier at det ved val av tomt for nytt sjukehus må leggjast avgjerande vekt på ei god kollektivtransportløysing. Dette er det bare Jærbanen som i overskueleg framtid kan gje. Ei utbygging av sjukehuset er ei så stor, viktig og langsiktig sak at utgreiingsarbeidet nå bør vidareførast ved at fleire tomtealternativ i bybandet langs Jærbanen bør vurderast nærare før endeleg plassering blir vedtatt.

**Bakgrunn for saka:**

Helse Stavanger HS sendte den 30.06.2015 konseptrapporten for Prosjekt sjukehus-utbygging på høyring. Høyringsfrist er 30.09.2015.

**Saksopplysningar**

I høyringsbrevet er det oppgitt at mandatet for konseptfasen har vore å utgreie følgjande alternativ for planlegging av nytt universitetssjukehus:

- Null-alternativet: Ombygging på eksisterande tomt på Våland.
- Trinnvis utbygging av nytt sjukehus på Ullandhaug/Stavanger eller Stokka/Sandnes.
- Trinnvis utbygging av nytt sjukehus på dagens tomt på Våland.
- Heilt nytt sjukehus i eitt byggetrinn.

Om Null-alternativet heiter det i rapporten:

*Mandatet inkluderer i tillegg det såkalte null-alternativet (ombygging på eksisterende tomt på Våland). Dette er et utsettelsesalternativ, og vil ikke kunne tilfredsstillere helseforetakets kapasitetsbehov for et fremtidig sykehus i regionen. Av den grunn er ikke utredning av null-alternativet inkludert i høyringsrapporten.*

Det blir særleg bedt om tilbakemelding på:

1. Vurderingskriteria (Kapittel 10)
2. Er der vurderingskriterier som burde vore med i tillegg ?
3. Kvar høyringsinstans blir oppmoda til å gi tilbakemelding på korleis ein vurderer alle tre konsept/tomter målt mot vurderingskriteriene.

I kapittel 10 (Side 76 i rapporten) er kriteria for val av alternativ lista opp. Dei er gruppert i følgjande hovudpunkt:

- Økonomisk bereevne og finansielt handlingsrom

- Kapasitet og kvalitet på helsetenestane (#sørgje for ansvaret»)
- Samfunnsforhold
- FOU og rekruttering
- Byggets kvalitet, fleksibilitet og elastisitet
- Gjennomføringsmuligheit og tidsaspektet

Det vert elles vist til sjølve rapporten som tar for seg mange utbyggingstekniske og sjukehuspesifikke problemstillingar.

### **Vurdering:**

I høyringsbrevet blir det særleg bedt om å kome med tilbakemeldingar når det gjeld vurderingskriteria og til valet mellom dei tre tomtealternativa som er vurdert.

Etter rådmannens vurdering har ikkje Hå kommune føresetnadar og heller ikkje interesser i å gå inn i alle fakta og vurderingar som er gjengitt i rapporten. Det er likevel slik at den planlagde sjukehusutbygginga er svært viktig for innbyggjarane også i Hå kommune.

Det framgår av rapporten av sjukehuset i dag har 7 400 tilsette. Ein del av desse bur i Hå kommune og skal fram og tilbake på arbeid kvar arbeidsdag. I tillegg kjem pasientar, pårørande og andre besøkande som skal kome seg fram og tilbake frå heim til sjukehuset.

Det er sjølvsagt viktig å få eit godt sjukehus som har eit medisinsk fagleg nivå og som utgjer eit godt sjukehusstilbod til innbyggjarane i regionen. Rådmannen legg til grunn at det medisinsk faglege uansett vert løyst på ein fagleg forsvarleg måte uavhengig av lokalisering. I og med at det ligg i premissa at det vert ei tofase-utbygging, vert det ei utfordring med to lokasjonar og logistikkmessige utfordringar for pasientflyten. Det er framheva som ei føremon for å velja Ullandhaug med tanke på dei fordelane det gjer for det akademiske miljøet knyta til eit vonaleg fullverdig medisinsk fakultet i Stavanger. For rådmannen er det likevel vanskeleg å la denne faktoren vere avgjerande for val av tomtealternativ.

Legg ein slik til grunn at det medisinsk-faglege lar seg løysa uavhengig av tomteval, framstår tilgjenge og transportløyising som den heilt dominerande lokaliseringsfaktoren for plassering av eit nytt sjukehus. Dette sett i forhold til den klare nasjonale og lokale målsetjinga om å avgrensa veksten i bruk av privatbil. I og med at veksten i transportbehovet skal løysast gjennom kollektive transportløyisingar, sykling og gange, framstår ingen av dei valde tomtealternativa som særleg gode. Jærbanen gir i dag, og med vidare utbygging av dobbeltspor, også i framtid, det klart beste kollektivtransporttilbodet til regionen sett under eitt. Ei plassering langs Jærbanen vil gi ei ypparleg kollektivtransportløyising for hovudtyngda av innbyggjarane i regionen. For Hå med folketalet konsentrert i dei seks tettstadene med eigne jernbanestopp, vil lokalisering nær jernbanen gi eit

kollektivtilbod med klare fordelar framfor privatbiltransport.

Av dei vurderte alternativa framstår derfor også Våland som det beste alternativet. Men forbindelsen mellom jernbane og sjukehus er også her for lang og må i alle høve betre tilretteleggjast om dette alternativet skal veljast.

Med dette som bakgrunn burde transportbehovet og transportløysinga hatt ei meir sentral vekting i ein tidlegare fase av utgreiingsprosessen, dvs. ved val av aktuell tomtealternativ. Sett utanfrå er det vanskeleg å forstå at ikkje andre tomtealternativ langs Jærbanen er tatt med i vurderingane. Utan at vi har inngåande kjennskap til tomtesituasjonen i dei andre kommunane, framstår Forus-området som eit svært sentralt område for muleg sjukehusutbygging. Det er jo også kjent at det føreligg planar for og vurderingar av flytting og omlokalisering av etablerte verksemder som kan opna for alternativ utnytting av utbyggingsareal direkte inntil og i nærleiken av jernbanelina.

## **Konklusjon**

Etter rådmannens vurdering er det ved val av aktuelle tomtealternativ lagt for liten vekt på tilgjenge og transportbehov ved val av aktuelle tomtealternativ for nytt sjukehus. Med det store transportbehovet sjukehuset har og vil få for tilsette, pasientar, pårørande og andre besøkande burde ei lokalisering nær den eksisterande og framtidig viktigaste kollektivløysing i regionen, Jærbanen, vore eit tungtvegande kriterium for val av tomtealternativ. Dei nasjonale og lokale målsetjingane om nullvekst i personbiltransporten er eit viktig tilleggsmoment i denne vurderinga. Sjølv om ein seinare skulle få eit betre utbygd tilsluttande kollektivtransporttilbod, kan ei slik løysing ikkje konkurrera med ei plassering direkte inn mot jernbanelina.

## **Vedlegg:**

Konseptrapport høring Helse Stavanger  
høringsbrev\_skisseprosjekt